

Referat frå møte i FAU ved Ågotnes skule
Onsdag 7. juni 2023 kl. 18.30-19.30

Til stades:

Ragnhild P. Nese 4A

Cecilie M. Sørli 1A

Kathrine v. Bye 6B

Nicolai B. Slinning 1B

Jade Støve 5A

Kjersti Dagestad 7C

Camilla Johannessen 7C

Hege Algrøy 2A

Paulina Kvamme SFO

Ane Rong 7A

Hilde Kristin Egeland 3. trinn

Sak 1) Disco for mellomtrinnet

Det har vore ei spørjeundersøking blant elevar på mellomtrinnet om kva dei ønskjer seg av eit disco/arrangement i regi av FAU. Sosialkomiteen sit igjen med ei liste over meir eller mindre gjennomførbare idéar.

Sak 2) Skulelyst.no

Det har vore ønkje frå foreldre om å få større utval av produkt ein kan bestille gjennom ordninga. Tilbakemelding frå dei tilsette går på at dei ikkje ønskjer å utvide med fleire alternativ då det går mykje tid til å administrer ordninga.

FAU vedtek difor å halde på dei alternativa ein har i dag.

Sak 3) Orientering - Miljøvernforbundet underviser 4., 5. og 6. trinn i Kårtveitpollen fredag 9. juni.

Sak 4) Tilbakemelding på prosessen rundt nytt uteområde for skulen. FAU opplever at det har vore ein god medverknadsprosses. Vi fekk forslaga presentert på ein god måte, og det var positivt med involvering gjennom gruppediskusjon.

Sak 5) Byte av leirskule

Skulen føreslår å byte frå Dyrkolbotten for 7. klasse haust til Ål Top Camp for 6. klasse i januar. FAU er positive. Det kan vere utfordring med utstyr – dette kan lånast frå BUA ved bestilling i god tid.

Sak 6) Bytedag

FAU vil arrangere klesbytedag på skulen til hausten.

Sak 7) Analoge læremiddel

Lesebøker/språkbøker blir kjøpt inn til hausten for 2.-7. trinn.

Sak 8) 17. mai-evaluering

Var dårleg lyd under arrangementet. Mange fekk ikkje med seg at det var talar ol. Kanskje kunne koret blitt ståande til talane var ferdige. Kan vere ein idé å bruke talarstol neste år, så publikum lettare kan sjå den som snakkar.

Prisane kan gjerne justerast noko til neste år, 2 bongar for kaker. Lapskaus og rømmegraut kostar 6 no, kan vurderast justert ned til 5 bongar.

Generelt var det god stemning på arrangementet og folk var nøgde.

Sjølv om det mangla både kaker og folk i forkant blei arrangementet ein suksess. 7.klassingane som hjalp til gjorde ein kjempejobb.

Det er ein del utstyr og snop igjen etter 17.mai.

Sak 9) Tilkomst bom ved hallen

Det er berre leiar av 17.maikomiteen som har kode til å opne bommen. Det er naudsynt at fleire får tilgang. Dette må takast opp med kommunen.

Sak 10) Bordutleige

Ansvar for utleige av bord bør rullerast. To stk. frå FAU bør veljast kvart år. Det er også behov for ein eigen FAU-telefon som kan nyttast ved utleige.

Sak 11) Budsjett

Leiar, nestleiar og kasserar lagar eit forslag til budsjett for nest år. Rekneskap etter 17.mai blei 110 597,-. Rekning på 6 000,- frå skulekorpset er ikkje betalt.

Til hausten vil ein sjekke prisar og moglegheit for sponsorstøtte til stolar. Dei gamle stolane er i dårleg stand, og kvar stol må sjekkast under for å sjå at ikkje knottane har løst.

Sak 12) Lærargåver

Det blir restar frå 17. mai-snop på lærarrommet til sommaravslutninga. I tillegg ordnar kvar klasse gåve ved behov. Til jul kjøper FAU kjøper inn julegodt. Det er ikkje naudsynt å kjøpe like mykje som sist.

Sak 13) Klasseseturar til t.d. akvariet

Kvar klasse får dekkast ein bussbillett t/r av kommunen. Men det blir veldig dyrt med inngangsbilletter til akvariet ol. Kan kommunen gjere avtalar med institusjonar i Bergen? Musea har gjerne gratis inngang eller kan dekkast av midlar frå Den kulturelle skulesekken. Det er også gratis å besøke Kystmuseet, Nordsjøfartmuseet og Fjell festning.